



Strikkeoppskrift

Strikk Kåre Kråke!

Dette Naturopdraget går til dei vaksne i barnehagen. Her er ei strikkeoppskrift på Kåre Kråke som handdokke.


Oppskrifta er lagaslik at ein kan bevege på nebbet og vengene.

Dokka er strikka med pinne nr. 6 og tjukt ullgarn, men her oppmodar vi til å bruke det du måtte ha av restegarn. Her er det brukt Rauma Vams: 2 næste lys grå, 2 næste svart og 1 næste mørk grå.



Kråka kan gjerast større/mindre ved å justere pinnestorleiken og garn tilsvarende. Har du berre tynt garn, kan du t.d. strikke med dobbel tråd. Vi valte å strikke kråka i ullgarn slik at ho kunne tovast og bli litt stivare i fasongen. Elles oppmodar vi til å bruke fantasien. Føtene kan til dømes lagast av piperensarar, og augene kan broderast på. Kanskje de kjem på noko anna å bruke som øye? Vengene kan syast på med hol for å styre med fingrane, eller dei kan syast heilt inntil kroppen bakover.

Lag dykker helt eigen vri, og bruk fantasien.



(Sjå nedst i oppskrifta for forkortingar/ordforklaringar).



Besøkssentre
i Norge

www.naturopdraget.no



NATURFAGSENTERET
TILBOKS UNDERSØKINGAR FOR LÆRINGA

Strikkeoppskrift



Kroppen:

Legg opp **40 m** på rundpinne nr. 6 med farge lys grå og strikk rundt. Strikk 8 omg vr.bord, 1 r, 1 vr.

Sett ein maskemarkør ved starten av omgangen. Dette blir midt bak på ryggen til kråka. Sett ein markør etter 10 m og ein etter 30 m. Dette markerer forstykket og bakstykke.

Strikk 1 omg r. Deretter strikk 1 omg rett samstundes som du aukar 8 m jamt fordelt på forstykket. Gjenta tre gonger = **64 m**. Flytt maskemarkørane slik at du no har 16 m bakstykke, 32 m forstykket, 16 m bakstykke.

Vidare strikkest glattstrikk over bakstykket, og dobbel perlestrikk over forstykket. Strikk rundt i 13 omg. No skal du strikke fram og tilbake. Strikk til maskemarkøren ved starten av omgangen (midt på bakstykket), *Snu og strikk 16 m vr tilbake, 32 m perle-strikk, 16 m vr. Snu og strikk 16 m r, 32 m perlestrikk, 16 m r*. Gjenta 5 gongar.

Dobbel perlestrikk:


v	r	v	r
v	r	v	r
r	v	r	v
r	v	r	v

Vidare strikkest dei to bakstykka og forstykket kvar for seg, for å lage hol til vengene. Strikk glattstrikk fram og tilbake på halve bakstykket (16 m) i 12 omg. Gjenta på andre bakstykket (16 m). Strikk 12 omg perlestrikk fram og tilbake over forstykket (32 m). Sett så bakstykket + forstykket + bakstykket tilbake på same pinne og strikk 3 omg rundt = **64 m**.

Halsen:

Strikk en omg r. På neste omg fellast 8 m jamt fordelt = **56 m**. Vidare strikkast mønster etter **Diagram 1** med fargane lys grå og svart.

Diagram 1:



Hovudet:

Hovudet strikkast vidare i fargen svart. Strikk glatt-strikk rundt og fell 8 m jamt fordelt = **48 m**.

Strikk 4 omg r. Fell av 20 m midt foran. Strikk vidare ut omg. På neste omg, legg opp 20 m midt foran, over der du starta fellinga. (Dette blir holet for nebbet). Strikk 16 omg r.





Strikkeoppskrift

Rundfelling: Fell 4 m jamt fordelt = **44 m**. Strikk 1 omg r. Fell 8 m jamt fordelt = **36 m**. Strikk 1 omg r. Fell 8 m jamt fordelt = **28 m**. Strikk 1 omg r. Vidare fellast 8 m på kvar omg, til det står att 4 m. Klipp tråden, trekk han gjennom dei resterande m, snurp saman og fest tråden.

Hol bak på ryggen:

Plukk opp 28 m rundt holet bak på ryggen. Strikk vrangbord, 2 r, 2 vr, rundt til vrangborden måler 5 cm. Fell av.

Fötene:

Med garnfarge mørkegrå og pinne nr. 4,5, plukk opp 24 m langs oppleggskanten nedst på kroppen. Del maskane i to, slik at det blir 12 m til kvar fot. Strikk vidare ein fot om gangen. *Strikk 8 omg rundt i glattstrikk. Fell 4 m jamt fordelt = 8 m. Strikk 8 omg vidare. Fell av.* Gjenta denne framgangsmåten for kvar av føtene.


Tær:

Legg saman 4 trådar og fingerhekle ca. 6 cm. Knyt godt igjen i begge endar og klipp av trådane ca. $\frac{1}{2}$ cm frå kvar ende. (Desse endane vil likne på klør). Lag fire slike.

Sy klørne fast i kryss i botnen av beinet. (Den eine blir ei litt lengre midt-tå, og ei kortere bak. Den andre blir to like lange sidetær). Juster med syinga slik at du får tærne til å peike rett veg.

Nedste del av nebbet: Med garnfarge i mørkegrå og pinne nr. 6, plukk opp 18 m langs nedste fellekant på hovudet og legg opp 18 m på oversida = **36 m**. Sett ein maskemarkør i kvar side, før og etter dei 18 m.

Strikk glattstrikk rundt i 5 omg. Fell så ein m i kvar side av nebbet på annankvar omg. Etter 20 omg fellast det i kvar side på kvar omg til det står att 6 m. Klipp tråden, trekk han gjennom dei resterande m og snurp saman.



Innsida av nebbet (valfritt):

Legg opp 16 m i fargen raud, burgunder e.l. Strikk fram og tilbake, og fell 2 m på annankvar runde. Denne kan strikkast for seg og syast på etterpå.



Strikkeoppskrift



Øvste del av nebbet

Med garnfarge mørkegrå og pinne nr. 6, plukk opp 25 m skrått oppover mot augene. Plukk opp 20 m langs oppleggskanten på nedste del av nebbet = **45 m**. Strikk 2 omg rundt, og sett ein maskemarkør på den midtarste maska øvst mellom augene. All felling vidare gjerast ved den masken slik: Strikk til det står att 1 maske før masken med markør, ta 2 maskar laus av pinnen som om dei skulle strikkast rett saman, strikk 1 rett, løft dei 2 lause maskane over masken som vart strikka. Gjenta fellingsa annankvar omg. 10 ganger = **25 m**.

Vidare fellast 2 m jemt fordelt på undersida av nebbet, **samstundes** som det framleis fellast på oversida av nebbet, annankvar omg. Når det står att 5 m, klipp tråden, trekk han gjennom dei resterande m og snurp saman.

Stjerten:

Stjerten kan strikkast for seg og syast på etterpå, eller ein kan plukke opp maskar bak på kråka. Legg opp 24 m med fargen svart på pinne nr 6. Sett ein maskemarkør ved byrjinga av omg og ein etter 12 m. Strikk rundt *2 r, 1 vr* i 7 omg. Auk 1 m i kvar side. = **26 m**. Strikk 7 omg, og fortsett med r over r og vr over vr. Auk 2 m i kvar side = **30 m**.

No skal det lagast tre spissar ytst på stjerten. Strikk rundt på 10 av maskane, 5 m før og 5 m etter den eine maskemarkøren. *Strikk 4 omg glattstrikk rundt desse 10 m. Fell 4 m jamt fordelt = **6 m**. Strikk 3 omg r. Klipp tråden, trekk han gjennom dei resterande m og snurp saman.* Gjenta med dei 5 m før og 5 m etter den andre maskemarkøren. Gjenta med dei resterande 10 m i midten.

Vengar:

Vengane strikkast rundt på settpinnar eller rundpinne (magic loop). Legg opp 24 m. Strikk 6 omg r (glattstrikk). Heng ein maskemarkør på pinnane ved starten av omgangen.

Omg 7: 4 r, auk 1 m, 7 r, auk 1 m, 1 r, auk 1 m, 7 r, auk 1 m, 5 r = 28 m

Omg 8: 1 omg rett

Omg 9: 2 r, auk 1 m, 3 r, auk 1 m, 8 r, auk 1 m, 1 r, auk 1 m, 8 r, auk 1 m, 3 r, auk 1 m, 3 r = 34 m

Omg 10: 1 omg rett



Strikkeoppskrift



Omg 11: 3 r, auk 1 m, 4 r, auk 1 m, 9 r, auk 1 m, 1 r, auk 1 m, 9 r, auk 1 m, 4 r, øk 1 m, 4 r = 40 m

Omg 12: 1 omg rett

Omg 13: 4 r, auk 1 m, 5 r, auk 1 m, 10 r, auk 1 m, 1 r, auk 1 m, 10 r, auk 1 m, 5 r, auk 1 m, 5 r = 46 m

Omg 14: 1 omg rett

Omg 15: 5 r, auk 1 m, 6 r, auk 1 m, 11 r, auk 1 m, 1 r, auk 1 m, 11 r, auk 1 m, 6 r, auk 1 m, 6 r = 52 m

Omg 16 - 17: *1 omg rett*

Omg 18: No skal det strikkast ei lita forhøgning (Short rows). Den strikkast fram og tilbake over nokon av maskane. Kan til dømes gjerast med teknikken «Wrap and turn(W+T)» som kan søkast opp på youtube, for å sleppe hol der ein snur.

Short row 1: 37 r, snu strikkarbeidet (W+T)

Short row 2: 23 m vrang tilbake, snu (W+T)

Short row 3: 22 r, snu (W+T)

Short row 4: 21 vr, snu (W+T)

Short row 5: 20 r, snu (W+T)

Short row 6: 19 vr, snu (W+T)

Short row 7: 18 r, snu (W+T)

Short row 8: 17 vr, snu (W+T)

Short row 9: Strikk rett ut pinnen til maskemarkøren.

Omg 19: Strikk 2 m rett saman, 47 r, 2 r sm, 1 r = 50 m

Omg 20: 2 r sm, 45 r, 2 r sm, 1 r = 48 m

Omg 21: 2 r sm, 43 r, 2 r sm, 1 r = 46 m

Omg 22: 2 r sm, 41 r, 2 r sm, 1 r = 44 m

Omg 23: 2 r sm, 39 r, 2 r sm, 1 r = 42 m

Omg 24: 2 r sm, 37 r, 2 r sm, 1 r = 40 m

Omg 25: 2 r sm, 35 r, 2 r sm 1 r = 38 m

Omg 26: 2 r sm, 33 r, 2 r sm 1 r = 36 m

Omg 27: 2 r sm, 31 r, 2 r sm 1 r = 34 m

Omg 28: 2 r sm, 29 r, 2 r sm 1 r = 32 m

Omg 29: 2 r sm, 27 r, 2 r sm 1 r = 30 m



Strikkeoppskrift



Omg 30: 2 r sm, 25 r, 2 r sm 1 r = 28 m

Omg 31: 2 r sm, 23 r, 2 r sm 1 r = 26 m

Omg 32: 2 r sm, 21 r, 2 r sm 1 r = 24 m

Omg 33: 2 r sm, 7 r, 2 r sm, 1 r, 2 r sm, 7 r, 2 r sm, 1r = 20 m

Omg 34: 2 r sm, 15 r, 2 r sm 1 r = 18 m

Omg 35: 2 r sm, 4 r, 2 r sm, 1 r, 2 r sm, 4 r, 2 r sm, 1r = 14 m

Omg 36: 2 r sm, 9 r, 2 r sm 1 r = 12 m

Omg 37: 2 r sm, 1 r, 2 r sm, 1 r, 2 r sm, 1 r, 2 r sm, 1r = 8 m

Omg 38: 2 r sm, 2 r, 2 r sm 2 r = 6 m

Klipp av tråden og tre han gjennom maskane, stram og fest tråden. Strikk ein venge til.

Montering:

Sy på vengar, stjert og klør. Oppå hovudet festast nokre tråder med svart garn. Lag til dømes tre korte fletter og knyt ein knute i enden (ev. fingerhekle som på føtene). Tov Kåre Kråke i vaskemaskina på 40 grader. Ønskjer du ei fyldigare kråke, kan ein fylle ho etter ønskje. Bruk fantasien, sy inn og snurp saman for å fikse litt på detaljar her og der. Det kan hende Kåre Kråke treng litt kosmetisk kirurgi etter at han har kome ut av vaskemaskina. Auge kan anten kjøpast eller broderast på. På bileta er det sydd på knappeauge.

Lukke til. Vi håper Kåre Kråke får det kjekt i dykker barnehage!

Forkortinger:

m = maske/maskar

omg = omgang/omgangar

r = rett maske / glattstrikk

vr = vrang maske

sm = saman

2 r sm = strikk 2 maskar rett saman

Short rows = fram og tilbake, ikkje rundt

(W+T) = Wrap and turn = snurre garntråden rundt neste maske før ein snur og strikkar tilbake. (Sjå youtube.)

Sentrert avfelling = Central double decrease. (Sjå Youtube.)



Strikkeoppskrift



Besøkssentre
i Norge

www.naturoppdraget.no



NATURFAGSENTERET
Naturfagssenteret for barna